



REFERAT FRÅ MEDLEMSMØTE MØRE & ROMSDAL BRANNBEFALSLAG 22. OKTOBER 2015

Stad:

Vestnes Fjordhotell.

Agenda

- Opning og presentasjon av utstillarar
- Nytt frå sentralstyret i NBLF
Nytt frå Møre og Romsdal 110 sentral og status naudnett
- PLIVO
- Ny førebyggjande forskrift.

Opning og presentasjon av utstillarar

Leiar av MRBL Vidar Bakke ønska alle velkomne, og spesielt til foredragshaldarar og utstillarane.

Kvar enkelt utstillar fekk nokre minutt til å presentere seg sjølv, firmaet og nokon prata litt om enkelte produkt:

- Simarud v/Trond Simarud informerte om at han står ut med fire nye bilar og vil ha noko demonstrasjonar av sløkkeutstyr.
- Miele Professionals v/Per Erik Gjelstad fortalde om deira brosjyre vedkomande system for vask av brannkle og utstyr
- Brannvernsservice v/Tor Isaksen informerte om at dei er MSA-forhandlarar, og deira daglege gjeremål.
- Dräger v/Trond Flenstad oppmoda møtedeltakarane om å stikke innom deira stand
- Wenaas v/Brattberg prate om kle og utstyr til røykdykkarar, samt stasjonskle
- Braco v/Frode Andersen hadde meg seg den nye bilen til Vestnes.
- Nortonicom v/Per Andersen informerte om termiske kamera for røykdykking, overvaking og jakt. Den siste informasjonen fekk størst respons av møtedeltakarane
- Albert E Olsen v/Roger Skansen snakka litt om vedlikehaldsprodukt innan oljevern og brann.

Nytt frå sentralstyre i NBLF

Brannsjef i Ålesund kommune helde foredraget, og fortalde blant anna om:

- Det nye styret etter generalforsmalinga på Kongsberg
- Økonomien, som er god – Gjensidige bidrar sterkt til god inntekt
- Skuleprosjektet
- Nordisk brennbefals studieveke – søknadsfrist er 1. juni
- Solskinshistorier
- Mediehandtering – rettleiaren ligg på nettsida
- Reisestipenda – frist for å søkje er 15. april
- NBLF sin nettbutikk
- Diverse prosjekt:
 - NBLF har teke over «Lesson Learned»
 - Bilimportørernes Landsforbund – el-bilar
 - Sløkkemiddelprosjekt – forskning på kva type sløkkemiddel er best



- I vente på ambulanse (IVPA) – NBLF ser på korleis vidareføre dette dersom Norsk Luftambulansetrekk seg
- Einskapleg leiarsystem (ELS)
- Nordisk møte i Ålesund 09. – 13. mars 2016
- Deltidsutdanninga
 - Har fått 38 mill. kr. over statsbudsjett, som er ein liten auking
 - NBLF meiner at desse midla burde ha vore øremerka
- Utdanningsmodell
 - Grunnkurs vert fagutdanning først i 2018
 - Meir uvisst når det kjem til leiarutdanninga
- Naudnett og kostnader med dette. NBLF jobbar for å få staten til å ta større del av kostnaden, slik at kommunane ikkje får alt
- Arbeidsområder og representasjonar
- Mykje skryt til MRBL – nest største kretsag (tett oppunder Rogaland) og stor aktivitet i laget.

Nytt frå Møre og Romsdal 110 sentral og status naudnett

Kjetil Vikås hadde forerdraget. Sidan starten med naudnett den 29.04.15 har det vore over to hundre hendingar, og det har stort sett gått bra.

Det vert ny rapporteringsløyising frå 01.01.2016. Møre og Romsdal er det trettini hendingar i startloggen.

Vision Bos:

- Vikås viste korleis det ser ut for 110-operatøren, med blant anna ressursoversikt.
- Informasjon om kva utfordringar operatøren har.

Det kjem ut nytt sambandsreglement. Det nye seiar blant anna korleis ein skal kunne løyse feil ved ein alarm. Nytt sambandsreglement vart sendt ut 22.10.15.

Tips og ønskje frå 110-sentralen (Brann 18):

- Meld i Brann 0 om kva ressurs som vert brukt
- Gjev tilbakemelding om det takast med ein ressurs som ikkje er kalla ut
- Send status
- Bruk alfaradioen i kommandobilen. Befal kan verte ringd opp, og dette verte gjort via alfaradioen og ikkje den private.

Åge Henriksen overtok foredraget for å prate om øvingar med Brann 18. Sjå på www.110-sentral.no med omsyn til å finne skjema for førespurnad om øving. Nordmøre og Romsdal / Sunnmøre Brann 9 skal brukast som leiarkommunikasjon ved ei øving.

PLIVO

Brigadesjef Jan-Erik Andersen frå OBRE starta med å presentere seg sjølv og sin jobb i Oslo. Han sitt i tillegg i arbeidsgruppa for utarbeiding av prosedyren PLIVO. Foredraget var i hovudtrekk om erfaringar og arbeid med PLIVO så langt.

Det har vore ei øving ved Hovin skule, og det vart vist ein film frå denne øvinga. Det var informert om fleire liknande øvingar som har vorte utført eller skal gjennomførast.

Helsedirektoratet tok initiativet med omsyn til farar helsepersonell kan møte. Det vart nedsett ei arbeidsgruppe bestående av Helsedirektoratet, DSB og politidirektoratet. Men dette arbeidet



vart «lagt i ein skuff». I etterkant av dette vart det oppretta ein ny gruppe. Det vart laga ein rapport, og seinare prosedyren PLIVO. Prosedyren kan ein finne på nett, men er også sendt ut.

Før PLIVO rykka ikkje Oslo sine brannmannskap ut før gjerningsperson var teken. Nå drar dei til trygt oppmarsjområde.

Felles prosedyre har ført til meir sikkerheit for OBRE. Det vart vist eksemplar frå pressen og fortald om historier frå naudetatar. Arbeidet med prosedyren er signert av toppene frå helse, politi og dsb. Brannvesen skal lese og gjere seg kjent med prosedyren, samt trene og øve med andre naudetatar.

Definisjon - pågåande situasjon:

- Ikkje berre skytevåpen, men også stikk- og slagvåpen
- Kjemikalie (CBRN / farleg stoff).

Dersom politi ikkje er framme til skadestad på ein stund, vil ansvar for leiinga liggje hjå leiinga til brannvernet. Ved pågåande situasjon vil denne leiinga få støtte frå 112. Når politiet ikkje er til stades gjeld følgjande:

- Skytevåpen – brannvernet skal vere passiv
- Stikkvåpen m.m. – brannvernet skal gjennomføre risikovurdering, og vurdere om dei kan setje i verk tiltak.

Ver obs på handlingsplikt og lydighetsplikt. Det vil vere press til å gå inn i ein pågåande situasjon, men politi bestemmer tiltak. Det kan vere at leiar for brannvernet må setje ned foten og nekte å gå inn.

Nettbasert opplæring i PLIVO ligg på <https://www.nakos.no/>. Det er utdanna fire nasjonale instruktørar. Desse har ansvar for å lære opp regionale instruktørar, som igjen har ansvar for opplæring av lokale instruktørar. Under opplæringa skal politi og helse vere med. Politiet skal ta initiativ til første møte. Øvingsopplegget skal vere ferdig utført i innan utgangen av juni 2016.

Lunsj

Lunsj vart gjennomført mellom to økter med PLIVO. Det vart servert i tradisjon tro ball, samt krokanis og frukt til dessert.

Ny førebyggande instruks

Jon Børge Horneland frå Molde brannvesenet hadde foredraget. Ny forskrift skal tre i kraft 01.01.2016. Den har vore ute på høyring og ligg nå hjå Justis og beredskapsdepartementet. Fleire brannvern har sendt kommentarar, blant anna Molde. Dette har medført fire store endringar i forskrifta.

DSB vil arrangere ei landsturne for opplæring av brannførebyggande personell, som skal utføre tilsyn.

Kva endringar er det i den nye brannførebyggande forskrifta, i høvet til den gamle:

- Er enklare og tydligare (mål frå DSB)
- Lokal vurdering av risikoen innetter i kommunane
- Generell plikt om aktsemd er ikkje detaljert, med eit unntak – bålbrekking
- Krav til bygg er det same som i dag, dvs. ingen heving av branntryggleiken



- Styrke med omsyn til tenking av IK
- Kommunane står friare med omsyn til ressursbruk

Eigar sitt ansvar og oppgåver:

- Kunnskap om eige bygg, og overføring av denne kunnskapen til brukarar
- Val av branntekniske løysingar skal verte definert i ein vurdering av risikoar i eit objekt.

Brannvernet sitt førebyggjande arbeid:

- I ein kommune skal brannvern framleis vere ein sentral aktør
- Det vert ingen endring med omsyn til dimensjonering av eit brannvern
- Brannverna vil ha de same oppgåve som i dag, men det vil verte ein god del nye oppgåver
 - Kva er hensikta til DSB – Større brannførebyggjande fagmiljø?
- Frekvenskrav for feiing og tilsyn er fjerna.

På slutten av foredraget var det nokre spørsmål og diskusjon. Blant anna vil risikovurderingar verte utført med ein felles plattform, eller vert dei gjort med individuell vurdering. OBS! Spesielt i starten må kvar enkelt brannvern vere merksam på fallgruver.

Ulsteinvik, 29.10.15

William B. Ekeli
referent